

Vedtekter

Tildeling av kompensasjonsmidlar frå vindkraftanlegget på Okla



Oklafondet

Vedtekter for tildeling av kompensasjonsmidlar frå vindkraftanlegget på Okla i Stad kommune

Bakgrunn

Stad kommune tek årleg i mot kompensasjonsmidlar for Okla vindkraftverk på Stadlandet frå Falck Renewables Vind AS.

Grunnlaget for utbetaling av kompensasjonsmidlar er heimla i ein samarbeidsavtale vedteke av Selje kommunestyre i 2016. Avtalepart var då Vestavind Kraft AS, no Falck Renewables Vind AS. Stad kommune har overtatt Selje kommune sine rettar og pliktar etter avtalen.

I Stad kommunestyre, 31.03.2022, vart det i KS-sak 22/039, Kompensasjonsmidlar frå Okla vindpark, gjort følgande vedtak:

- 1. Kompensasjonsmidlane frå 2021 frå vindkraftanlegget på Okla i medhald av samarbeidsavtalen mellom Falch Renewables Vind AS og Stad kommune blir disponert til infrastrukturtiltak knytt til bulyst, næringsliv, fritidsinteresser, eller sosiale formål.*
- 2. Midlane blir sett på eige fond.*
- 3. Det opprettast ei styringsgruppe som skal bestå av representantar frå næringslivet, organisasjonar frå området, og kommunen som får i oppdrag å utarbeide forslag til vedtekter.*
- 4. Styringsgruppa kjem med framlegg til vedtekter for utdeling av midlane frå Okla Vindpark med basert på samarbeidsavtale mellom tidlegare Selje kommune og Vestavind Kraft i punkt 2.3 Bruk av midlane.*
- 5. Kommunestyret skal behandle og godkjenne endelege vedtekter for utdeling av midlar frå Okla Vindpark. Styringsgruppa sitt mandat gjelder til vedtekter er godkjent i Kommunestyret, Styringsgruppa har ikkje funksjon etter dette.*

I Stad kommunestyre, 15.06.2023, vart det i KS-sak 23/099. Revisjon av vedtektene for Oklafondet, gjort følgande vedtak:

- 1. Stad kommunestyre godkjenner styringsgruppa sitt framlegg til endring i vedtektene for Oklafondet § 4 Søknadsfrist: Kompensasjonsmidlane blir lyst ut etter at Stad kommune har mottatt midlane.*
- 2. Siste og følgjande setning i pkt. 7 i vedtektene vert å fjerne: Revisjonen skal gjerast av styringsgruppa som har utarbeidd framlegg til vedtektene. Jf. kommunestyremøte 31.03.2022 sak KS- 22/039 punkt 5.*

§ 1 Føremål

Stad kommune skal etter samarbeidsavtalens punkt 2.3. bruke kompensasjonsmidlane til tiltak som avbøter det forhold at vindkraftverket bandlegg eit betydeleg areal som er eller kan vere av verdi både for noverande eller framtidige interesser knytt til næringsliv, fritidsinteresser, eller sosiale formål.

§ 2 Geografisk område

Kompensasjonsmidlane skal brukast innfor det geografiske området som pr. 1. august 2022 har postnummer 6750, sjå kartutsnitt henta frå posten.no.



Kartutsnitt henta frå posten.no

§ 3 Kven kan søke

- Lag og foreiningar
- Stiftelsar
- Organisasjonar
- Bedrifter *
- Kommunen *

*For bedrifter og kommunen blir støtta gitt til prosjekt med ålmennyttig formål/arrangement og som fell inn under tilskotsformer som nemnt under. Søkjar må ha eit organisasjonsnummer.

Kva det ikkje kan søkast støtte til :

- Støtte blir berre gjeve som tilskot, og kan ikkje nyttast til sanering av gjeld.
- Faste driftskostnader.
- Tiltak som ligg under kommunen sine drift- og sektorsutgifter samt lovpålagde oppgåver.

§ 4 Søknadsfrist

Kompensasjonsmidlane blir lyst ut etter at Stad kommune har mottatt midlane.

Kunngjering og søknadsform

Utlysing av søknadsfrist blir gjort gjennom kommunen si heimeside og Facebookside og gjennom melding til lag, foreiningar, organisasjonar og næringsliv med postadresse 6750.

Kompensasjonsmidlane er i hovudsak ein delfinansieringsordning, men ein kan søke om 100% finansiering.

Tildelt støtte må brukas innan eit år frå vedtaksdato. Det kan søkast om utsetjing på inntil eit år.

Søknad med nødvendige opplysningar og vedlegg skal sendes inn gjennom www.regionalforvaltning.no

§ 5 Krav til søknad

Søknader skal innehalde finansieringsplan med kostnadsoverslag og budsjett, beskriving av formålet og prosjektet samt framdriftsplan. Løyve frå grunneigar må ligge ved søknaden, der dette kan vere relevant. Tiltak som krev søknad etter plan- og bygningsloven, skal vere godkjent av Stad kommune før søknad vert godkjend

§ 6 Tilskotsform

Kompensasjonsmidlane kan disponerast til infrastrukturtiltak knytt til , næringsliv, fritidsinteresser, eller sosiale formål av allmenn karakter. Slik som:

- Avbøtande tiltak
- Stadutvikling
- Kulturtiltak
- Aktivitetstiltak
- Friluftsliv
- Idrett- og nærmiljøanlegg
- Tiltak særleg retta mot born, ungdom og eldre som fremjar trivsel og folkehelse
- Prosjekt som skaper stoltheit og identitetsfølelse
- Utvikling av eksisterande og etablering av nye møteplassar
- Stiar og turløyper
- Infrastrukturtiltak knyta til bulyst

Inntil 10 % av årleg tilskot skal gå til å dekke Stad kommune sine kostnadar til rettleiing, handsaming og utbetaling av søknadane.

§ 7 Utbetaling

- Søkjar kan be om inntil 50% av tilskotet ved prosjektstart.
- Sluttutbetaling kan ikkje skje før prosjektet er gjennomført.
- Det skal leggest ved rekneskap som viser bruk av midlane.
- Dersom prosjektet ikkje blir fullført, kan kommunen krevje utbetalt tilskot tilbake heilt eller delvis.
- Det til ei kvar tid faste utvalet som handsamar saker knytt til kultur, idrett, samfunn og næring i Stad kommune skal handsame og tildele tilskot i samsvar med gjeldande vedtekter og retningslinjer.
- Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak ved handsaming av søknad om støtte med inntil kr 20 000,- pr sak, maks opp til kr. 100 000 per år.
- Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere søknadar om utsett frist.

Bortfall av tilskot og krav om tilbakebetaling:

Dersom tildeling av tilskot bygger på uriktige opplysningar frå søker, fell ubetalt tilskot bort, og utbetalt tilskot kan vert kravd tilbake.

Dersom tilskotsmottakar ikkje har levert rekneskap og rapport innan fastsett frist, eller når rekneskapen og rapporten ikkje er tilfredsstillande.